

Enkle vedtekter (nynorsk)

Vedtekter for ... veglag

§ 1. VEGEN

... veglag, heretter kalla veglaget, omfattar vegen frå ... til ..., slik den er markert på kartet nedanfor.

Vegområdet er køyrebane, skulder, grøfter, fyllingsfot og skjeringstopp. Møteplassar, snuplassar og parkeringsplassar inngår i vegområdet.

[Kart med markert vegstrekning]

§ 2. FØREMÅL

Veglaget skal syta for å oppretthalda standarden på vegen ved vedlikehald og utbetring, samt syta for aktuell vinterdrift av vegen.

Veglaget kan gjennomføra større tiltak på vegen, som omlegging og standardheving.

Vegen skal tene medeigarane sine interesser som tilkomst til eigedomane.

§ 3. ANSVAR

Veglaget er å rekne som eit tingsrettsleg sameige. Medeigarane har delt, uavgrensa ansvar i samsvar med andelane i § 5, jf. jordskiftelova § 3-29.

§ 4. RÅDVELDE OVER VEGEN

Eigarskapen til vegen vert disponert av medeigarane i fellesskap etter andelane. Det faktiske og rettslege rådvelde over vegen vert utøvd av veglaget sitt styre (styreleiaren) på vegner av medeigarane.

§ 5. MEDEIGARAR

Eigar av eigedom som har andel, er medeigar. Andelane i veglaget er:

GNR./BNR.	EIGAR, pr. [dato]	ANDEL
...
...
Sum		...

Andel fylgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå denne. Medeigarskap er pliktig når eigedomen ligg innanfor dekningsområdet til vegen og ikkje har annan vegtilkomst.

Andelane er grunnlaget for kva rettar og plikter medeigarane har i veglaget.

Medeigarane har plikt til å informera styreleiaren om tilhøve som er av interesse for veglaget. Dette gjeld mellom anna kontaktinformasjon, eigarskifte, frådelingar og skade på vegen.

Medeigarane må retta seg etter vedtektene, vedtak i årsmøtet og avgjerder frå styreleiaren.

Frådelt ny eigedom har rett og plikt til å bli medeigar. Årsmøtet fastset andel for den nye medeigaren, og eventuelt også eingongsvederlag for å bli medeigar.

Ved endra utnytting av eigedom(-ar) som medfører varig og monaleg endra bruk av veggen, kan årsmøtet endra andel(-ar) i samsvar med endra bruk.

§ 6. ÅRSMØTET

Årsmøtet er veglagets øvste mynde. Alle medeigarar har møterett.

§ 6.1 Innkalling til årsmøtet

Årsmøte skal haldast når styreleiaren meiner det er behov, eller når minst to medeigarane krev det. Årsmøte skal haldast minst kvart tredje år.

Styreleiaren varslar medeigarane om tidspunkt for årsmøtet og fastset frist for å melda inn saker som ein ynskjer handsama.

Styreleiaren kallar deretter inn til årsmøte. Innkallinga skal sendast skriftleg til alle medeigarane. Sakslista og aktuelle saksdokument skal følgja innkallinga.

Dersom styreleiaren ikkje kallar inn til årsmøte, kan dei som krev årsmøte syta for varsel og innkalling.

Årsmøtet kan ikkje gjera vedtak i andre saker enn dei som er oppført i sakslista. Dersom alle medeigarane er representert og aksepterer handsaming av andre saker på årsmøtet, kan det fattast vedtak.

§ 6.2 Representasjon og stemmereglar

Medeigar kan la seg representera med skriftleg fullmakt. Andre enn medeigarar kan også møte med fullmakt. Ingen kan møte med fullmakt for meir enn éin eigedom. Medeigar kan møte samen med fullmektig.

Ved avstemming og val er stemmeretten i samsvar med andelane i § 5.

Avstemming vert avgjort ved alminneleg fleirtal (meir enn 50 %) av de gjevne stemmene, med unnatak for vedtektsendring, jf. § 13. Likt stemmetal blir avgjort ved loddtrekning.

§ 6.3 Årsmøtet skal:

- (1) Velja møteleiar
- (2) Velja protokollfører
- (3) Velja ein som skal underskrive møteprotokollen samen med møteleiaren og protokollføraren
- (4) Godkjenna innkallinga, fullmakter og sakslista, samt registrere møtedeltakarane
- (5) Handsama melding om kva som er gjort og rekneskap sidan førre årsmøte
- (6) Handsama styreleiaren sitt forslag til tiltaksplan med budsjett
- (7) Vedta utlikning av kostnader
- (8) Velja styreleiar for tre år
- (9) Handsama andre saker som er oppført i sakslista

§ 7. STYRET

Styret er éin person, som er styreleiar i veglaget. Styreleiaren skal leia drifta av veglaget i samsvar med vedtektene og vedtak i årsmøte. Styreleiaren skal mellom anna:

- (1) Føra tilsyn med vegen, stikkrenner, veggrøfter, vegarbeid m.m.
- (2) Syta for naudsynt vedlikehald, utbetring etter vedteken tiltaksplan eller etter oppstått skade, og aktuell vinterdrift. Engasjera eksterne til å utføra arbeid på vegen
- (3) Syta for innkrevjing ved utlikning av kostnader. Styreleiaren kan setja i verk tvangsinndrivning av skuldig beløp
- (4) Kalla inn til og leia årsmøtet, leggje fram melding om kva som er gjort og rekneskap frå førre årsmøte, samt tiltaksplan med budsjett
- (5) Gje naudsynt informasjon til medeigarane

§ 8. MINDRETALSVERN

Vedtak i årsmøte og avgjerder av styreleiaren må ikkje strida mot vedtektene, medføra ein fordel for fleirtalet til urimeleg skade for mindretalet, eller medføra urimeleg kostnad for nokon medeigar.

§ 9. SIGNATURRETT

Styreleiaren har signaturrett.

§ 10. REKNESKAP

Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

§ 11 KOSTNADER

Utlikning kan innkrevjast på forskott.

Kostnader med vedlikehald, utbetringar og vinterdrift skal utliknast på medeigarane etter andelane i § 5.

For større tiltak som omlegging av vegen og standardheving, skal det vurderast om nokon medeigar blir pålagt ein urimeleg kostnad ved utlikning etter andelane. Alternativet er i så fall at kostnadene skal fordelast særskilt etter nytten med tiltaket.

§ 12. BRUK AV VEGEN

Ferdsel må skje slik at det ikkje skadar vegen eller er til urimeleg ulempe for andre sin bruk av vegen.

Den som påfører vegen skade, kan bli gjort ansvarleg for kostnaden med å utbetre skaden.

Det skal ikkje leggjast hindringar på vegområdet. Det kan ikkje parkerast på vegområdet, med unntak for tilrettelagde parkeringsplassar.

Ved tiltak som medfører avfall eller liknande på vegområdet, skal den ansvarlege syta for opprydding.

§ 13. VEDTEKTSENDRING

Vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene. Stemmeretten er i samsvar med andelane i § 5.

§ 2 (føremål), § 3 (ansvar) og § 13 (vedtektsendring) kan ikkje endrast.

Endring av namn ved eigarskifte av eigedom i § 5, er ikkje vedtektsendring.

